

Flott dag for både løparar og publikum.

13.05.2017



Marianne Korsvoll, Trude Sundsteigen og Karin Tungesvik ønskjer fleire damer med i terrengløpskarusellen. Her saman med Gunn Mari Moberg frå sponsoren Spar Uskedalen.

Det vart ein flott dag for dei som var til stades på Spar-løpet i Uskedalen laurdag middag. Både publikum og løparar kosa seg, og dei 154 deltakarane som kom frå klubbane i Kvinnherad viste strålende innsats. Arrangørane i UIL gjorde som vanleg ein framifrå innsats, og etter 1 time og 7 minuttar var årets utgåve av Spar-løpet vel i hamn.



Marcus Myklebust, Sivert Myklebust og Filip Musland sprang glimrande. Her saman med Knut Olav Myklebust.

Medan dei yngste sprang 300 meter, måtte seniorane gjennom 3080 meter. Alle leverte flott innsats, og som vanleg var løparane svært fornøgde med forundringsposen dei fekk i premie av sponsoren Spar etter løpet. I den var det både etande som yoghurtar, drikande som sjokolademelk og matboks med mykje meir. Sparløpet er det andre løpet i årets terrengløpskarusell som starta med Baroniløpet. Neste løp er Kvinnheradsmeisterskapet i terrengløp på Husnes onsdag 24.mai før karusellen vert avslutta med Åkra-løpet den 3.juni.

Dei yngste løparan starta først. Etter løpet kosa dei seg med premiane, og dei leika seg på sjakkbrettet og i Den Blå Stolen medan dei litt eldre utkjempa meir eller mindre alvorlege duellar i løypa. Det vart vist strålande innsats.

Med over 150 deltakarar var arrangørane godt fornøgde. Det er ein liten nedgang frå i fjor då det var ein kraftig auke. Det var også kollisjonar med andre arrangement. Nokre av dei mest lovande jenteløparane var til dømes opptatt med fotballkamp. Arrangementet vart kjapt og godt avvikla, og ein dyktig speaker, Bjarte Døssland, sytte for at det var lett for publikum å halda oversikten i det som føregjekk.

Roy Lervåg på Oska hadde open kafè, og der kunne vi nytta både to variantar av suppe, ulike pølsemenyar, gulrotkake og det ein måtte ønskje av drikke. Det var jamnt besøk, og då underteikna var innom og nytte herleg betasuppe etter løpet, var det fleire som gjorde det same. Som vanleg var gjestene fornøgde med det som vart servert! Dette var ein brikke som gjorde denne laurdagsstunda på Sandakaiaen heilt komplett!



Dyktig arrangørstab! Gina Hella Berge-Soldal, Olav Tvilde, Edle Lomheim, Ingunn E. Myklebust, Harald Sunde og Cathrine Haugland.

Resultat

Gutar 10 – 640 m

Amund Hella Berge-Soldal, UIL 02:10
 Petter Myklebust, UIL 02:20
 Sondre Saghaug Kjerpeseth, UIL 02:39
 Andre Øvstebø, UIL 02:21
 Jan Arild Vivelid, UIL 02:31
 Sergio Caparros, OIL 03:17

Jenter 10 år – 640 m

Joa Saghaug Kroka, UIL 03:11
 Anna Sundsteigen Nes, IL Trio 03:00
 Emilie Vimme Olsen, IL Trio 03:03
 Oline Skogseth, IL Trio 03:05
 Ingrid Margrete Eik Arnevik, Halsnøy IL 03:10
 Alice GjØri Ersland Hellås, IL-Ternen 02:59
 Bettina Øye Guddal, Rosendal 02:24
 Norah Huse Kristoffersen, UIL 04:43
 Maria Eikemo Ersland, Ternen 02:31
 Elena Jensen Eide, UIL 03:02
 Erika Skaare Fatland, Halsnøy IL 03:07
 Emilia Kleven Volden, Trio 02:55

Gutar 11 – 640 m

1. Filip Musland, UIL 02:29
 2. Marcus Myklebust, UIL 02:31
 3. Isak Solli Søllesvi, OIL 02:32
 4. Simen Gjuvslund Riise, OIL 02:33
 5. Sivert Myklebust, UIL 02:34
 6. Andreas Eikemo Ersland, Ternen 02:48
 7. Sander Ersland Høyland, OIL 02:54
 8. Gunnar Eikemo Steine, Ternen 02:55
 9. Knut Skogtun Heggland, Matre IL 02:56

Jenter 11 – 640 m

1. Ingeborg Eikemo Ersland, Ternen 02:28
 2. Karoline Myklebust, UIL 02:37
 3. Amanda Støle, Herøysund IL 02:38
 4. Siri Aasgard, Herøysund IL 02:45
 5. Liv Kristi Hodne, Førland IL 03:04

6. Selma Terese Hodne, Førland IL 03:04

Gutar 12 – 640 m

1. Alejandro C. Vega, OIL 02:14
2. Magnus Hegland Kvernmo, Matre IL 02:19
3. Gaute Tungesvik, Matre IL 02:24
4. Abdulqadir Muhammed, Herøysund 02:29
5. Haakon Myklebust Skjelnes, RTL 02:31
6. David Probert, Trio 02:32
7. Magnus Haugse, OIL 02:35
8. Håvard Holmedal Roksvåg, RTL 02:36
9. Gunnar Hestad, OIL 02:37
10. Tobias Hella Berge-Soldal, UIL 02:51

Jenter 12 – 640 m

1. Anna Elisabeth Samland Eik, UIL 02:21

Gutar 13 år – 870 m

1. Kristian Øvstebø, UIL 03:03
2. Jonas Solli Søllesvik, OIL 03:27
3. Marius Gravdal, IL-Ternen 03:28
4. Torbjørn Haugland, UIL 03:29
5. Sander Adreas Øye, UIL 04:24

Jenter 13 – 870 m

1. Emma Myklebust Ripel, UIL 03:23
2. Selma Ovidia Guddal Tarberg, UIL 03:32

Gutar 14 – 870 m

1. Gustav Haugse, OIL 03:02
2. Fannuel Tewel, Trio 03:14

1540 m Kvinner, 17

1. Veslemøy Haugland, UIL 06:10

3080 m

1. Henrik Bauge, (20-22), Rosendal 11:07
1. Kari Bråtun (20-22), UIL 12:09
1. Harald Saghaug (23-34), IL-Ternen 12:07
1. Marianne Korsvold (35-39), UIL 12:35
1. Trude Sundsteigen (40-44), IL Trio 13:11

Menn 40-44

1. Ronny Nordal, Trio 10:09
2. Morten Gravdal, IL-Ternen 11:33
3. Rune Guddal, IL Trio 12:12

Vidare:

1. Terje Røssland Nes (M45-49), IL Trio 11:53 1
1. Kenneth Blom (M50-54), Trio 11:28
2. Tor Harald Bringedal (M50-54), Herøysund 14:11 2
1. Karin Tungesvik (K55-59), UIL 17:18
1. Gunnar Vaage (M55-59), IL Trio 12:18
1. Kurt Haugland (M60-65), UIL 13:53



Premiekos: Andre Øvstebø, Tobias H. Berge-Soldal, Anna Elisabeth S. Eik, Emma M. Ripel og Ruth Maria Myklebust.



Start G11.



Seniorane og juniorane er i gong.



Det var gøy å leika i sjakkfeltet.



Nokre leika i Den Blå Stolen

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland